



Slik såg det ut i området rundt containeren til båtlaget i morgontimane i dag.

Og slik bør det ikkje sjå ut, det var brukarane samde om. Bosset flaut og kven som hadde ansvaret for det veit ikkje vi.

Det som skjedde var i alle fall at containeren vart full og at folk difor måtte setta bosset sitt utanfor.

Og då tok det ikkje lang tid før naturen sitt eige renovasjonsvesen var i funksjon.

Heldigvis var båtlaget sitt ansvar bevisst. Containeren vart tømd, bosset samla og området grundig spylt før klokka var 11

Og så blir det vel ikkje noko ny boss-spreiing i båthamna i år?

(Foto: Ola Matti Mathisen)